

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 15.09.2016

YMSE

Innmelde saker under ymse

1. Styreleiar Roald Kvamme vil invitera partane i arbeidslivet til neste styremøte 18.nov. 2016.
2. Styremedlem Rosalind Fosse ønskjer at det vert gitt ein uttale frå Hordaland fagskulestyre som omhandlar framtidige konsekvensar for Fagskolen i Hordaland.

Styreleiar viste i den samanheng til tidlegare høyringsuttale frå Hordaland fagskulestyre i høve til framtida for Fagskolen i Hordaland.

Vedk. årlege skulebesøk på fagskulane:

Styret får tilsend oversikt over datoar for dei komande skulebesøka og melder interesse for deltaking inn til administrasjonen

Vedk. felles mal for kvalitetssikring for fagskulane:

Administrasjonen får i oppdrag å utarbeida ein felles mal for på den måten å ha eit samanliknbart grunnlag for resultatane.

Besøk av NOKUT i nov.

Styret ønskjer å delta under besøket i november.

Vedk. årsmeldingar for fagskulane:

Saka vert sett på saklista att på neste styremøte.

Vedk. fristar og prosess for innmelding av saker til styremøta frå styremedlemer:

Saka vert sett på dagsorden på neste møte.

Diverse orienteringar.

Rektorane ved Hordaland helsefagskole, Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole orienterte styret om rekneskapsstatus og prognosar i forhold til årets budsjett. Styret vil få utfyllande økonomi-rapportering i neste styremøte.

Administrasjonen v/regionleiar Hillevi Runshaug informerte om status for omstillingsprosessen for tilsette ved framtidig samlokalisering av Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole.

Administrasjonen v/rådgjevar Adeline Landro informerte om status for arealbruk og og planar for Nedre Nygård vedk. framtidig samlokalisering.